



Grindheim Maskin & Transport as  
Grindheimsvegen 241  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1293 - 14/4559

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
30.04.2014

## Byggesak Gbnr 77/38 Solheim vestre - kunstgras fotballbane - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 104/2014

### Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeider. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 16.03.2012. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå og har identifisert attståande arbeider som følgjande:

- Gjerde rundt bane for avgrensning av trafikk.
- Ballfangenett mot nord.
- Finjustering av område mot park.

**Det vert sett som vilkår for mellombels bruksløyve att fyllingsfot mot nord vert tilstrekkeleg sikra med gjerde eller at den vert dekkta til med jord slik at naudsynt tryggleik er ivareteke.**

### Vedtak:

**I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve mellombels bruksløyve for gnr. 77 bnr. 38 i Radøy kommune på følgjande vilkår:**

- 1. Ferdigattest skal liggje føre innan 01/08/14.**
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av mellombels bruksløyve:

KODE 10.2.8 Mellombels bruksløyve Kr. 2 600,-.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

- Det vert sett som vilkår for mellombels bruksløyve att fyllingsfot mot nord vert tilstrekkeleg sikra med gjerde eller at den vert dekkja til med jord slik at naudsynt tryggleik er ivareteke.

Tiltaket eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.  
Bruksendring krev særskild løyve (jfr. Pbl. § 20-1 d).

**Skildring:**

Adresse:	Nordre Austmarka 46
Tiltak:	Kunstgrasbane

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Høgne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Høgne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Grindheim Maskin & Transport as      Grindheimsvegen      5936  
241

MANGER